


Stavkyrkja i RØLDAL var ei av dei sentrale valfartskyrkjene på Vestlandet. Truleg er kyrkja reist mellom 1250 og 1350, og i høgmedalderen var Røldal det viktigaste pilgrimsmålet i landet etter Nidarosdomen. Det var krusifikset som drog folk til midnattsmesse jonsoknatta. Då sveitta det sin undergjerande sveitte.



Den mellomalderlege stavkyrkja vart lengd mot vest i 1844. Den vestre delen av skipet, og våpenhuset, er såleis frå nyare tid. Den opphavlege stavkyrkja var einskipa og omgjeven av svalgangar. Ved restaureringa i 1912-18 vart tårnryttaren over den vestre delen av skipet og svalene kring bygningen rekonstruerte. Konstruktivt skil Røldalskyrkja seg frå dei fleste andre stavkyrkjer ved at langveggene er fagdelte, slik at det står mellomstavar mellom hjørnestavane. Veggsvillene er dessutan tappa inn i stavane. Det vanlege er at stavane rir over svillene. Stavane er fint «sprettelgde»; ei overflathandsaming som vi også kjenner frå lagmannstova på Aga i Ullensvang (④389).

I 1638 vart kyrkja dekorert med roser og rankar. Dekoren i kortaket er best bevart, resten er sterkt restaurert i 1917 og takdekoren i skipet er ny. Både altertavla og preikestolen er måla av GOTFRIED HENDTZCHELL frå Breslau i Schlesien i 1627-29. □

FJELLBYGDA RØLDAL

Det økonomiske grunnlaget i Røldalsbygda har vore jordbruk, fedrift og utmarksressursar. Men noko rikt jordbruksområde har denne fjellbygda aldri vore. Folketalet har gjennom lang tid lege på 600 innbyggjarar. I dårlege år, når snoen la seg over grøne åkrar, vart røldolene tvinga ut på tiggarfæder til grannebygdene. Etter at poteta kom i bruk i hushaldet vart busettjinga utvida, og tidlegare utmarksområde vart dyrka opp, som Våldalen. Ei tid var folketalet oppe i 1100, for Amerikafeber tok tak. I dag har Røldal sitt historiske innbyggjartal på 600.

Kulturelt og kommunikasjonsmessig har Røldal i eldre tid hatt nært samband med Suldal og bygdelaga i Ryfylke. Fram til 1863 hørte Røldal til Stavanger bispedømme.

DET UNDERGJERANDE KRUSIFIKSET



Over korbogen i kyrkja heng krusifikset, eit arbeid frå 1200-talet, skore i eiketre. Stilen er den høggotiske – eit vakkert Kristusportrett.

Segna fortel at krusifikset vart funne av ein blind mann som låg ute på Korsfjorden og fiska i lag med ein gutunge. Etter ei stund fekk snøret tak i noko tungt, og då han fekk det opp, kom det eit krossbiletet til syne i sjoen. Dei freista å lyfta det inn i båten, men greidde det ikkje. Mannen streva så lenge at sveitten rann frå panna og ned i augo. Han laut sleppa taket og tørka seg i augo. Då fekk han brått synet att. Han vart så glad at han for ei stund gløynde både krossbiletet og fisket. Men då han fekk tenkt seg om, skjøna han at det var eit under som hadde hendt ham. Han tok atter til å streva med å få krusifikset opp i båten. Han lova å gje det til ei kyrkje, og nemnde opp den eine etter den andre. Men like tungt var det. Først då han nemnde Røldalskyrkja, letna krusifikset. Glad rodde mannen til lands, og sidan tok han og eit heilt følgje i veg til Røldal.

Trua på krusifikset si undergjerande kraft heldt seg sterk gjennom mange hundreår, og det vart halde ulovlege katolske messer jonsoknatta heilt fram til byrjinga av 1800-talet.

RØLDALSMARKNADEN

Røldalsmarknaden går attende til forhistorisk tid. Røldal låg lagleg til for eit varebyte mellom aust, vest og sør. Sjøvarer som salt, humle og tørfisk vart bytte mot innlandsvarer som jern og skinn. Røldalsmarknaden var den eine av dei to store marknadene kring Hardangervidda, den andre låg på Kaupang i Kvisla i Hol kommune. Frå dei jernproduserande bygdene i Telemark gjekk det knivblad, sigdar og ljåar vestover, men elles var Røldal ein viktig fe- og hestemarknad. Den siste Røldalsmarknaden vart halden i 1809.